



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandler, innvalgstelefon

Øistein Aasland, 5557 2322

Varsel om oppstart av arbeid med ny forvaltningsplan for verneområda på Hardangervidda

Ny forvaltningsplan for verneområda på Hardangervidda

Dei tre Statsforvaltarane og dei tre fylkesvise Tilsynsutvala som er forvaltningsstyresmakt for Hardangervidda nasjonalpark, Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernområde og Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, varslar med dette oppstart av arbeidet med å revidere forvaltningsplanen for verneområda.

Forvaltningsplanen skal gje klare retningslinjer for korleis verneforskriftene skal følgjast opp. Verneforskriftene viser og fleire stader til at forvaltningsplanen skal utdjupe forskriftene. Forvaltningsplanen skal innehalde ein besøksstrategi som seier korleis vernestyresmakta vil handtere ferdsel til verneområda på ein måte som ikkje er til skade for verneverdiane.

Tilstand for villreinen som hovudutfordring

Den største utfordringa med å forvalte verneområda på Hardangervidda i dag, er omsynet til villreinen. I 2022 vart det lagt fram ein kvalitetsnorm som seier at tilstanden til villreinen på vidda er dårleg på grunn av kondisjon, førekomst av skrantesjuka, lav bukkeandel og fordi store delar av leveområdet er mindre i bruk av villreinen på grunn av for stor menneskeleg aktivitet. Lav bukkeandel skyldast nedkjemping av skrantesjuka, og ligg utanfor vernemyndigheitene sitt ansvar. Vernestyresmakta kan være med på å regulere ferdsel innanfor verneområda slik at dyra får tilgang til betre beiteområde med mindre uroing. Det vil betre kondisjonen, føre til at fleire kalvar overlever, auke jaktuttaket og gje fleire prøver av skrantesjuka slik at ein får betre kunnskap om smittesituasjonen.

Besøksforvaltning – besøksstrategi for verneområda

Arbeidet med forvaltningsplan vil gå parallelt med at det vert utarbeida ein felles sti- og løypeplan for Hardangervidda. Statsforvaltarane som vernemyndigheit vil gå i dialog med DNT og andre friluftsansjasjonar for å regulere ferdsel i områder kor belastninga er for stor.

Ansvar og organisering

Statsforvalteren i Vestland er ansvarleg for arbeidet med ny forvaltningsplan, og dannar styringsgruppe samen med dei andre to Statsforvaltarane som dekkjer Buskerud og Telemark, og dei tre



fylkesvise tilsynsutvala. Det blir nedsett ei bredt samansett prosjektgruppe som vil ha som mandat å leggje fram eit omforent framlegg til forvaltningsplan i løpet av 2025. Dersom det ikkje vert oppnådd semje, vil planen leggjast fram for Miljødirektoratet, som og skal godkjenne forvaltningsplanen fagleg før høyring.

Ynskjer å sjå på endringar i verneforskrifter

I Stortingets handsaming av villreinmeldinga, og gjennom arbeidet med tiltaksplan for villrein på Hardangervidda, er det føreslått fleire endringar i verneområda på Hardangervidda for å kunne vareta villreinen på ein betre måte. Det er ønskeleg å vurdere desse endringane som ein del av arbeidet med forvaltningsplanen, og foreslå endringar som er naudsynte. Aktuelle endringar i verneområda kan være:

- Vurdere å innarbeide villrein som del av verneformålet for alle verneområda, i samsvar med Stortinget sin handsaming av villreinmeldinga. For landskapsvernområda bør det vurderast å leggje til biotopvern for villrein i tillegg til landskapsvern.
- Vurdere om Møsvatn Austfjell landskapsvernområde bør endrast til nasjonalpark.
- Endre reglane om ferdsel i verneforskriftene, i tråd med naturmangfaldlova sine reglar om ferdsel i nasjonalpark og landskapsvernområde. I dag er det avvik.
- Vurdere å justere grensa for nasjonalparken i Veigdalen, og vurdere å utvide nasjonalparken med delar av kalvingsområdet i Telemark.
- Vurdere heimel for å kunne regulere kiting, hundekøyring og annan ferdsel som ikkje er til fots, når det kan være til skade for verneverdiane.
- Vurdere betre heimel for å kunne regulere all ferdsel i særleg sårbare område.
- Vurdere heimel for å kunne regulere opningstider for turisthytter i nasjonalparken.
- Vurdere om gjeldande reglar som stiller krav til samordning av transport er hensiktsmessig.
- Vurdere om einskilde traktorleper bør stengjast for sykling.
- Vurdere om gjeldande reglar om forbod mot oppstilling av campingvogner o.l. langs Rv 7 og ved Byen er hensiktsmessig. Dette etterlevast ikkje i dag.
- Vurdere einskilde mindre endringar i reglane for motortransport i nasjonalparken, der reglane har synt seg å være avgrensande for naudsynt transportføremål.
- Vurdere om forvaltningsplanen bør opne for faste landingsplassar for helikopter for uttransport av felt villrein, slik det er for bruk av sjøfly på faste landingsvatn.
- Vurdere om avgrensingar i motorstorleik ved bruk av motorbåt er hensiktsmessig, i dag er det stort sett 10 hk.
- Einskilde presiseringar for bruk av Tinnhølvegen i nasjonalparken, fram til Byen

Vi er og opne for å vurdere andre godt grunngjevne forslag til endringar i verneforskriftene.

Meir informasjon om arbeidet

Det vert oppretta ei eiga nettside for arbeidet med forvaltningsplanen på Statsforvaltaren i Vestland sin nettside [Verneområde | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](https://www.statsforvalteren.no/verneomrade), der aktuelt materiale leggjast ut undervegs. Her kan det og gjevast innspel til arbeidet.

Det blir ope informasjonsmøte på Teams i samband med oppstart av arbeidet. Møte blir holdt både på dagtid og etter arbeidstid for å gje flest mogleg høve til å delta. Tidspunkt for møtet er tysdag 24. september 2024 kl. 13.00-15.00 og kl. 17.00-19.00. Interessert kan melde seg på via nettsida vår, eller sende e-post til oistein.aasland@statsforvalteren.no.



Vernestyresmakta ynskjer å møte alle kommunestyra i samband med oppstart av arbeidet, samt andre lokale interessegrupper. Nærare informasjon kjem.

Spørsmål om arbeidet kan rettes til prosjektleiar på kjetil.heimann@statsforvalteren.no.

Innspel til oppstart av arbeidet

Frist for å komme med innspel til oppstart av arbeidet er 25. oktober 2024. Innspel sendast på e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no, eller det kan leggjast inn på nettsida for arbeidet.

Vi ynskjer at flest mogleg skal bli varsla om denne oppstarten av arbeidet med å revidere forvaltningsplanen for verneområda på Hardangervidda, derfor er det fint om dette brevet vert vidare sendt til andre aktuelle instansar og personar.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Øistein Aasland
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Buskerud Tilsynsutvalg
Tilsynsutvalet i Telemark
Tilsynsutvalet i Vestland - for Hardangervidda nasjonalpark
Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark



Mottakerliste:



Vinje kommune
Tinn kommune
Nore og Uvdal kommune
Hol kommune
Rollag kommune
Eidfjord kommune
Ullensvang kommune
Ulvik herad
Buskerud fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Hardangervidda grunneigarsamskipnad
Statskog SF
Eidfjord fjellstyre
Ullensvang fjellstyre
Røldal fjellstyre
Rauland fjellstyre
Øvre Numedal fjellstyre
Ulvik fjellstyre
Norsk villreinsenter sør
Hardangervidda nasjonalparksenter
Norsk Natursenter Hardanger
Den Norske Turistforening
DNT Oslo og Omegn
Bergen og Hordaland turlag
DNT Drammen og Omegn
Stavanger Turistforening
DNT Telemark
Stigstuv turisthytte
Besso turisthytte
Hedlo turisthytte
Heinseter turiststue
Halne Fjellstugu
Fagerheim Fjellstove
Finsehytta
Finse 1222
Mårbu Seter og Fjellstue
Viverlid fjellstova
Trondbu Turisthytta
Dyranut Turisthytte



Dyranut Fjellstova
Haugastøl Turistsenter
Forum for Natur og friluftsliv, Buskerud
Forum for natur og friluftsliv, Telemark
Forum for Natur og friluftsliv, Hordaland
Naturvernforbundet
Naturvernforbundet Hordaland
Naturvernforbundet Buskerud
Naturvernforbundet Telemark
Norges Miljøvernforbund
WWF Verdens naturfond
SABIMA
BirdLife Norge
BirdLife Hordaland
BirdLife Telemark
BirdLife Indre Telemark
BirdLife Buskerud
Norsk Zoologisk Forening
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Oslo Kiteklubb
Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet
Hardangervidda villreinutval